


# FORMULERINGER AV STILLA – WITTGENSTEIN OG LACAN, ETTER BADIOU



BOKESSAY  
*WITTGENSTEIN'S ANTIPHILOSOPHY*  
ALAIN BADIOU  
OVERSATT AV BRUNO BOSTEELS.  
(LONDON: VERSO, 2011)

Av Magnus Bøe Michelsen

**Der har vore mykje snakk om filosofiens ende gjennom førre hundreår, der Martin Heidegger står fram som den siste sanne filosofen. Elles har tenkinga bøygd av frå sanninga, som har vorte lagt under for teiknet si vilkårlege og flytande tyding. Men midt blant alt sofisteriet har nokre få stemmar løfta seg og i staden preika bodskapen om antifilosofien. Skulle der vere noko von om å vekkje filosofien til live att og riste honom ut av sin djupe døs, so må ein fyrst arbeide seg gjennom dei lærdomane som er å finne hos antifilosofane. I alle høve om vi skal tru Alain Badiou.**

My guiding thread is going to be, as always, Lacan's relation to philosophy. Ultimately this is the only thing that interests me (Badiou 2006c:81–82).

Den vetle boka til Alain Badiou, *L'Antiphilosophie de Wittgenstein*, såg dagens ljus mellom to permar i 2009. Men boka hadde allereie utspring i ei seminarrekke frå dei akademiske åra 1992–96, som Badiou husa over omgrepet «antifilosofi», med utgangspunkt i høvevis Friedrich Nietzsche, Ludwig Wittgenstein, Jacques Lacan og endeleg Heilag-Pål, apostelen. Sistnemnde vart emnet for bokform alt i 1997, under tittelen *Saint Paul; La fondation de l'universalisme*, og sidan på engelsk i 2003. Der vantar enno at Nietzsche og Lacan skal få kome med i det gode selskap,<sup>1</sup> men medan vi ventar kan vi also studere dei alt nemnde utgjevingane, i både opphavleg og omsett språkdrakt. I 2011 kom nemleg *Wittgenstein's Antiphilosophy* ut på det framifrå forlaget Verso, omsett og lagt fram med ei djuptgåande innleiing av Bruno Bosteels. Lat denne omsetjinga tene som utgangs- eller utfallspunkt for å sjå nærare på kva antifilosofien, ifølgje Badiou, er kjenneteikna av og kjenneteiknet på, utan at vi skal late oss binde for mykje opp av denne boka aleine. Innleiingsvis kan vi seie at medan Galskapen frå Torino vart opninga for den moderne eller samtidige antifilosofien, idet Nietzsche som kjend ville bryte verda i to og sette sanninga under for genealogien og dimed for tydinga, og Manien frå Wien – Wittgenstein – på sitt vis, fordra mystikken og vitskapen til føremon for einkvan filosofisk freistnad, so vert det Afasien frå Paris, den (ifølgje Alejandro Yodorowsky) demente psykoanalytikaren Lacan, som, for Badiou, har den udelte frægda å vere den siste antifilosofen i vår tid. At Lacan vert den siste antifilosofen, heng ikkje so mykje saman med at han er den siste i rekkja som vi kjenner til, som at han bring antifilosofien av i dag til endes. Der finn med Lacan stad ei lukking av den samtidige antifilosofien, som samstundes vert ei opning for filosofien etter honom. *Donc Badiou!*

I

Goethe skreiv ein gong at byrjinga er handling. I so høve legg han seg nært antifilosofen, som òg understrekar hand-

linga si vekt. Ingen er der tydelegare enn Nietzsche og hans dionysiske hordar og overmenneske, idet dei renn Apollon og prestane hans i senk. Den antifilosofiske handlinga inneber at der opnast for ein tilgang til noko filosofien aldri kan nå fram til, til resten (*remainder*) som alltid vert utelate frå filosofiens byggverk, nemleg det som røyneleg er, det reelle (*real*). For Nietzsches del gjeld det, ifølgje Badiou, den *arkepolitiske* handlinga av den reine stadfestinga av Livet, som samstundes både riv ned og syner fram korleis prestefilosofane si makt er tufta på under- og oppbygde løgner og hat. For Wittgenstein gjeld det derimot den *arkeestetiske* handlinga av å late det som ikkje kan seist kome til syne, vise seg fram, ved klårt å setje grensene for det som er mogleg å seie, som dimed òg avslører korleis filosofiens freistnad om å setje ord på meininga med livet eller verda vert fullt og heilt meiningslaus (*nonsensical*).<sup>2</sup> Handlinga til Lacan, altså analysen (*l'acte analytique*), er på si side *arkevitenskapleg*, av det ho leiar oss, i og med *matema*, inn til vitskapens uføre, der (med)vitet og/eller kunnskapen møter veggen, føre det Badiou uhyrleg nok kallar det reelles reelle (*le reel du reel*).<sup>3</sup> Når det gjeld Heilag-Pål, burde han dimed, i og med læra hans om *agapē*, byde oss den *arkekjærleike* handlinga.<sup>4</sup> Soleis følgjer sjølvsagt heile antifilosofien fullstendig i line med Badiou si tenking om dei fire føresetnadene for filosofien (politikk, kunst, vitskap, kjærleik). Men – spørsmåla vert sjølvsagt kvifor filosofien, sett med antifilosofens augo, ikkje maktar å gripe om resten, om det reelle – og dinest om antifilosofien, frå filosofens ståstad, har makta å gjere det noko betre sjølv, når alt kjem til alt.

På det fyrste spørsmålet vil det enklaste svaret, som sjølvsagt nesten er tautologisk, lyde at filosofien ikkje maktar gripe om resten som er det reelle av di han ikkje freistar å gripe om honom! Men ein slik påstand, endå han er sann, er heller tom og seier lite. Motsegna som vert retta mot filosofien frå antifilosofens hald dreier seg meir presist om at filosofien ikkje tek høgde for at der finst ein rest i det heile, men tvert om trur eller lèt som om han kan makte å famne om alt, at læresetningane han legg fram kan gripe om verda som heile og sanninga hennar, medan antifilosofen, på si side, byggjer heile motstanden sin på føresetnaden om at der nettopp finst eit slikt noko, ein slik rest som dreg seg unna kvar ein påstand, som er umogleg å tenkje eller beint fram utenkjeleg, og difor må verte fremja eller nærma gjennom handlinga, gjennom ei ikkje-tenking. Der finst eit merkverdig utdrag, der Badiou, i høve Wittgenstein, liknar denne reelle resten til «mysteriet» Kvinna eller det feminine (som vi veit anten ikkje kan tenkjast eller ikkje har vorte tenkt enno), der han skriv at «[t]

he antiphilosopher would wave the specter of the feminine in front of the eyes of the philosophers who, loyally, foreclose this specter from their thinking maneuvers, educated as they are on this point by science» (Badiou 2011a:95). Utdraget, og då meir presist koplinga til vitskapen, ber å verte lese på to vis. På den eine sida er det vitskaplege dømet fyrst og fremst *logos – anti-mythos* – sitt døme, medan Kvinna (med stor K), som Gud, i stor grad må fattast som omgrepet for det mytiske i seg sjølv. Meir om ho sidan... På den andre sida er det nettopp den utenkjelege, umoglege, reelle resten filosofien forkastar frå tenkinga si, opplært som han er av vitskapen, som på si side er alt og elles inkje. Vitskapen verker ikkje med hol og kvite flekker på kartet, men freistar den totale kunnskapen. I den grad filosofien følgjer ei slik innstilling, gjer han seg òg psykotisk i augo til Lacan.<sup>5</sup> Filosofien trur han kan tenkje veret, som i læra til Parmenides, at det same er vere og tenking, eller – for å seie det med Wittgenstein – at der finst ei mogleg sanning om meininga med verda eller livet, når der tvert om, ifølgje den same, berre finst ei mogleg guddommeleg meining bak dei vitskaplege sanningane (Badiou 2011a:115).

Motsegna mot filosofien frå antifilosofens ståstad er minst to: For det fyrste tek filosofien beint fram feil, for det andre er han freidig og frekk nok til å freiste skjule feiltakinga si. Feiltakinga ligg nettopp i førestillinga om at ein kan tenkje og seie vere, at der finst ævelege sanningar og, ikkje minst, at det er mogleg å gripe om desse med tanken og språket. Den grunnleggjande fyrste føresetnaden for heile Wittgenstein si tenking – i det minste i *Tractatus Logico-Philosophicus*, som er alt Badiou held seg til når det gjeld Wittgenstein – er derimot at ein aldri kan seie *kva* ein ting er, berre *korleis* ein ting er.<sup>6</sup> Det vesentlege, sjølv veret, glid alltid unna – medan det vilkårlege, tilveret, står att. Kva er det Wittgenstein seier? At det som kjem til uttrykk i språket, ikkje kan verte uttrykt *med* språket... At det som kan nemnast ikkje kan skildrast, og omvendt, at det som kan skildrast ikkje kan nemnast... Jau.<sup>7</sup> Det er desse skilnadene filosofien, ifølgje antifilosofen, ikkje handsamar på rett vis, som han blandar i hop, med den følgda at det filosofiske sanningsomgrepet vert beint fram ubrukeleg.

Vi veit at filosofien jaktar dei ævelege sanningane, som, i og med det strålende ljoset dei let skine, set dei meir

**Vitskapen verker ikkje med hol og kvite flekker på kartet, men freistar den totale kunnskapen. I den grad filosofien følgjer ei slik innstilling, gjer han seg òg psykotisk i augo til Lacan.**

**Meininga med verda er mogleg å nå berre gjennom handlinga som let ho kome til syne, medan det er i dei påståelege freistnadene frå filosofien på å gripe om ho med språket, i førestillinga om at ho er mogleg å tenkje og seie, at meiningsløysa rår einerådig.**

tidbunde og tilfældige meiningar og tydingar i skuggen. Som alle antifilosofar freistar Wittgenstein å oppløyse eller avsetje eit slikt filosofisk sanningsomgrep, og då til føredel for høgdinga av eit eige meiningsomgrep. Der finn also stad ei omvending av tilhøva mellom sanning og meining hos antifilosofen. Vi hugsar Nietzsches «røyrlige hær av metaforar, metonymiar og antropomorfismar...»,<sup>8</sup> der sanninga vert tenkt som inkje anna enn følgda av meir eller mindre forsteina meiningar, tydingar eller verdsetjingar. Vi veit at sanning hos Wittgenstein er vilkårleg og omskifteleg, eit reint vitenskapleg spørsmål om empirisk måling av påstandar (*propositions*) i høve til røyndomen, og soleis underlagt meining. Om noko er sant eller ikkje avheng nemleg i fyrste omgang av at der finst ein meiningfylt påstand, ei rekkje av namn som skildrar ei stode (*state of affairs*) som er mogleg å tenkje, og i andre omgang av om stoda påstanden skildrar er tilhøvet (*the case*) eller ikkje, om ho er å finne att i røyndomen eller ikkje. Sann er berre den påstanden som skildrar ei stode som er tilhø-

vet. Falsk er berre den påstanden som skildrar ei stode som ikkje er tilhøvet. Påstandar som skildrar stoder som korkje er tilhøvet eller ikkje er meiningslause. Meininga kjem fyrst, i form av påstandar – sanninga deretter, som følgd av tilhøve. Men saka er den at dei tilhøva som dannar verda, dei stodene som er å finne att i røyndomen, berre er få av fleire som er tenkjelege og dimed moglege. Eit eple er ikkje æveleg raudt – det er ikkje ein gong æveleg – men meininga i dette er alltid den same og kan etterprøvast som anten sann eller falsk. Meininga er æveleg og uavhengig av kvar ein røyndom og kvar ei røynsle, medan det for sanninga sin del held seg stikk motsett. Der er den eine sida av saka.

Men vi skal ikkje gløyme at der for Wittgenstein finst to typar meining: ei meining *i* verda, som er språkleg og påståeleg, og ei meining *med* verda, som sjølv finn seg utanfor verda og språket – på same vis som det som kjem til uttrykk i språket ikkje kan verte uttrykt med språket, som nemning og skildring gjensidig utelukkar kvarandre. For Wittgenstein har meininga med verda – altså dei høgare spørsmåla i livet – namnet «Gud», men, som ein seier, namnet skjemmer ingen. Namnet seier inkje om kva eller korleis «Gud» er, men er eit simpelt teikn som tener til å vise til ein gjenstand, som her ikkje er å finne. Namnet har

ei tyding (*meaning*) kan hende, om ein veit kva det viser til, men er i seg sjølv, som òg kvar ein freistnad på å skildre meir djuptgåande kva enn namnet nemnar, meiningslause (*nonsensical*). Ein kan preike og pludre i veg so mykje ein vil om kva «Gud» er og korleis «Gud» ter seg, men det ber ingen andre stadar enn til meiningsløysa, som av tyding ikkje er anna enn «ei usamanhengande samling av namn» (Badiou 1994:120, mi oms.). Ei slik samling namn skildrar nettopp ikkje noko mogleg tenkjeleg stode og kan dimed korkje avkreftast eller stadfestast som tilhøvet, som sann eller falsk, men finn seg snarare på feil side, i førekant (*en deçà*), av heile sanningsspørsmålet. Som meininga med verda er «Gud» sjølv sagt ikkje meiningslaus, men står for Wittgenstein av naudsyn bortanfor (*au-delà*) kvar ein påstand og dimed kvar ei sanning (Badiou 1994:7). Meininga med verda er mogleg å nå berre gjennom handlinga som let ho kome til syne, medan det er i dei påståelege freistnadene frå filosofien på å gripe om ho med språket, i førestillinga om at ho er mogleg å tenkje og seie, at meiningsløysa rår einerådig.

Der ligg Wittgenstein og antifilosofien sine grunnleggjande ankepunkt mot filosofien, nemleg i det at han freistar leggje fram det utenkjelege som både tenkjeleg og endå tenkt, det useielege som både seieleg og endå sagt, ved å kle meiningslause utsegn opp som meiningsfulle påstandar. Det velkjende dømet er sjølv sagt samanblandinga av eller feilinga i tydeleg å skilje mellom dei ulike tydingane av verbet «å vere», som vi veit kan tydst som både eksistens-, predikats- og likskapsmerking. Alt preiket om vere og inkje, som spring som ein meir eller mindre samanhengjande tråd frå Parmenides til Heidegger og Sartre, er eit anna døme, der problemet som kjent vert kva «inkje» skulle vere og kva «inkje er eller ikkje» kunne innebere. «Bla bla bla», seier Wittgenstein dei seier, fritt omsett. Poenget er som følgjer, at filosofien sitt vesen ikkje ligg so mykje i dei teoretiske bygnadene han let reise, men snarare i den handfaste handlinga han fører. Det er ikkje dei sokalla sanningane i seg sjølv Nietzsche stormar mot, men typologiseringa som finn stad under prestefilosofane sine hender som underbyggjer og stadfestar desse som sanningar. Likeins er det ikkje innhaldet i utsegna til filosofane som gjer Wittgenstein ille til mote, men heller det at meiningsløysa vert fremja som meiningsfull, noko som gjer sitt for å viske ut skiljelinene mellom det seielege og det useielege, det tenkjelege og det utenkjelege. Vi veit at just det er den endeframme motsetnaden til kva Wittgenstein ser som si eige og filosofiens egentlege oppgåve, nemleg å ein gong for alle risse opp desse grensene klårt og tydeleg. Ved å setje grenser for kva som kan seiast, set ein òg gren-



ser for kva som ikkje kan seiast, ved å klårt leggje fram kva som kan seiast, vil ein òg vise til kva som ikkje kan seiast.<sup>9</sup>

Striden mellom antifilosofen og filosofien botnar i stor grad, når alt kjem til alt, i matematikken. Der ligg, seier Badiou, antifilosofen si anti-platonske drift (Badiou 1995:49). Wittgenstein held med all si kraft fast på at matematikken ikkje tenkjer, at der ikkje er tankar i spinn i matematikken. Matematikken er rein rekning (*calculation*) og likning (*equation*), noko som gjer honom til ein simpel undertype av logikken, til ein logisk framgangsmåte.<sup>10</sup> Logikken, på si side, korkje seier eller tenkjer noko, men syner berre fram lovane for det seielege og tenkjelege, i form av tautologiar. Det same kan seiast om matematikken, ifølgje Wittgenstein, berre då i form av likningar. Matematikken, som ein logisk framgangsmåte, legg fram lovane for tilveret, for kva som tarvst om der skal finnast ei verd i det heile – men minst av alt er han i stand til å gripe om eller tenkje veret, slik filosofien heilt sidan Platon har hevda han kan. Kva seier Platon? I korte drag, *s'il vous plait*: «Plato's fundamental concern is to declare the imminent identity, the co-belonging, of the knowing mind and the known, their essential ontological commensurability. ... In so far as it touches on being, mathematics intrinsically thinks. By the same token, if mathematics thinks, it accesses being intrinsically» (Badiou 2006a:52). Om ideen hos Platon, som hos honom vel kan reknast som både mål og middel for all tenking, er einskapen av tanke og tenkt – av subjekt og objekt, om ein vil – so er matematikken ikkje berre tenking, men tenking i hennar paradigmatiske form, av di der i matematikken ikkje finst noko yterside eller utelate. Matematikken verker i og med rein form, so å seie, og dimed med rein vere (*being as being*), utan å take noko vilkårleg tilvere (*existence*) eller røynsle av gjenstanden med

i tenkinga. Wittgenstein er eins i at matematikken ikkje røyver ved nokon gjenstand – han seier inkje om honom – men vil ikkje kjenne seg ved at der er tenking i verke, då han meiner matematikken dreier seg utelukkande om rekning og likning, om blindt å følgje gjevne lovar.

Skal vi samle trådane før vi held fram, kan vi seie at motsegna antifilosofen i form av Wittgenstein rettar mot filosofien, grunnar seg på a) ei feilaktig tru på at det er mogleg å gripe om og setje alt i omgrep, som på si side skuldast at b) filosofien meiner å finne i matematikken noko matematikken ikkje er, at sistnemnde kan sikre noko han ikkje kan sikre – nemleg ei rein tenking eller seiing av veret (Badiou 2011a:133). Antifilosofen fører so si strid gjennom tre nært samanbunde tiltak: 1) ei oppløysing av det filosofiske sanningsomgrepet; 2) ei påvising av filosofien som handling og ikkje tenking; og endeleg 3) framsyninga av ei heilt ny type handling, som gjer filosofien overflødig. I høve Wittgenstein dreier det seg om å vise 1) at sanningar er språklege og underkasta meining, medan den meininga som verkeleg tel ikkje er språkleg; 2) at filosofien viskar ut skilnaden mellom det tenkjelege og det utenkjelege, det seielege og det useielege, ved å late meiningsløysa hans stå fram som meiningsfull; og 3) fastsetjinga av denne skilnaden, som opnar for den stille handlinga, der meininga med verda, «Gud», kjem til syne og ein – Wittgenstein fyrst, deretter kvar og ein av oss, berre vi følgjer honom – kan få eit godt og rett liv.

Kva so med svaret på det andre spørsmålet, om antifilosofen, i filosofens augo, gjer det noko betre sjølv? Kva so med denne ekte og siste handlinga? Gjev ho eit blikk av Kvinna, av resten som er det reelle filosofien korkje veit eller vil vite noko om, slik ho hevdar å kunne gjere? Kva står att etter Wittgenstein? Vel – der er i alle fall boka

**Slik som kunsten  
ifølgje Theodor  
Adorno vert òg  
handlinga til  
Wittgenstein eit  
løfte om lukka som  
vert brote, som  
ikkje kan haldast.**

hans, *Tractatus Logico-Philosophicus*. Men boka er berre den negative førebuinga for handlinga som skal følgje, skriv Badiou, og av alt som skulle gå bortanfor tanken er der berre tanken attende som sikker og mogleg å formidle eller bringe vidare (Badiou 2011a:157). Der er altså inkje teikn som syner at den antifilosofiske handlinga har funne stad, snarare tvert om: for både Wittgenstein og Nietzsche vert det fyrst og fremst trua på at handlinga *vil* finne stad – ein gong – som vert kjenneteiknande.

Antifilosofien deira er programmatisk (Badiou 1995:45). Nietzsche er fast i trua si på at (anti)filosofien hans ein dag vil vinne fram, at omveltinga av alle verde og brytinga av verda i to vil hende, at han sjølv som lagnad vil stadfestast. I dag, over hundre år etter, kan ordskiftet om i kva grad so har vorte høvet sjølv-sagt forast, men den gong då, for over hundre år sidan, var der inkje i verda som kunne vise om desse hendingane,

desse handlingane, hadde vorte fullbyrda. Det same gjeld for Wittgenstein. Han førebur og legg ned rammene for handlinga, rissar opp grensene for det seielege og tenkjelege, men ein er ikkje i stand til å slå fast at der faktisk har hendt noko. Frelsa eller nåden, Livet og Guds mening, er framleis eit steg unna. Slik som kunsten ifølgje Theodor Adorno vert òg handlinga til Wittgenstein eit løfte om lukka som vert brote, som ikkje kan haldast (Adorno 1997:205). Dei antifilosofiske handlingane vert spådd, ikkje nådd, og dimed er der berre tanken om handlinga – tanken om ikkje-tanken – som står att, som soleis bring antifilosofien over i filosofen sin famn (Badiou 2011a:157).

II

So langt Wittgenstein – men kva med lukkinga av antifilosofien som vert tilhøvet i og med Lacan – om vi skal tore freiste å samanfatte eit heilt akademisk år i nokre avsnitt? Som vi alt har sett, er det vesentlege ved filosofien mindre dei teoretiske bygnadene han reiser enn handlinga han fører, som for Wittgenstein vert utviskinga av skilnadene mellom *meaning* og *meaninglessness*. For Lacan vert den filosofiske handlinga fyrst og fremst kjenneteikna av ei forskyving eller oppløysing av dei tre samanbunde omgrepa *kunnskap*, *sanning* og *det reelle*, idet filosofien fremjar at der skulle kunne vere ein kunnskap om sanninga om det reelle. Kort fortalt går filosofien til verks med førestillinga om ei mogleg sanning om det reelle og ein mogleg kunnskap om sanninga, og dimed underordnar han ein opphavleg triplett (kunnskap, sanning, det reelle) under Totalt (paringa av dei tre omgrepa på kvart eit tenkjeleg vis), noko som føreset at der i utgangspunktet skulle vere ein Einar. Det er der ikkje. «Der er ingen Einar» er grunnsetninga for heile Badiou sin filosofi, ei grunnsetning Badiou sjølv understrekar er strengt lacaniansk.<sup>11</sup> For Lacan, som på sitt vis gjev atter liv til sanningsomgrepet, men framleis som antifilosof, er det berre mogleg å snakke om «ein verknad av sanning i den grad det reelle er i verksemd i kunnskapen» (Badiou 1995:82ff, mi oms.), noko som krev at tripletten av kunnskap, sanning og det reelle ikkje brytast opp. Sanninga verker i den grad det reelle er i verksemd i kunnskapen. Sanninga er kasteringa, kan vi seie, altså maktesløysa som syner seg fram idet noko bortanfor all kjennskap, ein blind flekk, det umoglege, dukkar opp i det ein er medviten. Det ville vore nyttelaust å seie denne sanninga, om ho var mogleg å seie, sidan ho ikkje er anna enn ei følgd, som tvert om og nettopp må



Illustrasjon: Ole Fredrik Hvidsten

vinnast gjennom den antifilosofiske handlinga som er analysen, den psykoanalytiske verksemda, som let det reelle, umoglege, kome til syne og verte vist fram og visst.

Ifølgje Badiou er no poenget at den antifilosofiske handlinga hos Lacan ikkje lengjer er reint programmatisk eller utelukkande i og for framtida, som hos Nietzsche og Wittgenstein, men at ho alt har funne stad, i og med Sigmund Freud og sjølvanalysen hans, om ikkje anna (Bosteels 2006:45).<sup>12</sup> Lacan kan alltid peike på Freud, som han då stadig gjer, og seie «der er det, det er det». Kva er det so som er å finne hos Freud, som Freud oppdaga og sette ljøs på, som elles har drege seg unna filosofiens grep, som rest, ifølgje Lacan? Vel – at der finst noko som dreg seg unna heile meiningsfeltet, som korkje er meaning (*sens*) eller ikkje-meaning (*non-sens*), men fråvere av meaning (*absence du sens*), som Lacan, typisk nok, kallar *absens*. Kva kan seiast om *absens*? Vel – *absens* er ikkje-sambandet og då fyrst og fremst i forma *sens ab-sexe*, altså stoda at der ikkje finst noko samband mellom kjønna (*il n'y a pas de rapport sexuel*).

Det er symptomatisk at Lacan skuldar filosofien for å feile i å fatte matematikkens vesen, at filosofien ikkje finn i matematikken det han faktisk held, i endefram motsetnad til tidlegare antifilosofar, som meinte filosofien fann i matematikken noko han ikkje heldt. Matematikken er vitskapen utan medvit (*la science sans conscience*), som framføre å take utgangspunktet i røynsla eller røyndomen, heller tek det i eigne utsegner, som aksiomatisk (Badiou 1995:50, Lacan 1973). Som vitskap utan medvit er matematikken òg drege unna all meaning, i den grad meaning er bunde til medvitet, og dimed i stand til å nærme seg og tenkje det reelle, fatta som *absens*, som utanfor meiningsfeltet. Men filosofien verker ikkje med noko grep om *absens*, om *sens ab-sexe*, og nyttar matematikken for å gjeve meaning til sanninga og binde medvitet og røyndomen i hop, til eitt. Dimed kan vi atter peike på eit anna drag ved filosofien, som gjer at han, ifølgje Lacan, feilar i høve matematikken, nemleg tanken om at Einaren er (*l'Un est*). Det har vore tanken heilt sidan Parmenides, men Lacan er klår på at Parmenides tek feil, medan derimot Heraklit har rett (Badiou 2006b:16). Heraklit fatta at alt botnar i ikkje-sambandet, i brotet. Einaren er ikkje (*l'Un n'est pas*), men der finst noko av Einaren eller noko Einleg (*il y a d'Un*), noko som altså vil seie at Einaren kjem til som ei følgd eller ein verknad av ein operasjon, ei handling, at noko vert talt for eller som ein. Der er ikkje einskap mellom vere og tenking, tvert om. *Logos'* fremste kjenneteikn er korkje av- eller tildekkinga av veret, men at der finn stad eller vert gjeve ei tyding (*signification*), som altså må tenkjast

som følgda eller verknaden av noko anna, nemleg (den umoglege) samanføringa av to åtskilde og ikkje-sambunde – som kvinne og mann – dømesvis signifikantar. Er det ikkje nettopp det uoverkomelege brotet og avstanden mellom desse Freud kom fram til, som han lét kome til syne og soleis verte ein del av og gjeve eit utslag i og for kunnskapen, og som Lacan, etter honom, gav ei streng form gjennom *matema* sine og soleis viste kvar grensa for tenkinga ligg, kvar ho går ut i uføret og møter seg sjølv i døra? Er det ikkje slik han lukker den samtidige antifilosofien, ved endeleg å vise den reelle resten som der har vore so mykje makte- og meiningslaust preik om?

Skal vi fatta korleis Lacan lukkar den samtidige antifilosofien, i augo til Badiou, kan det vere nyttig å sjå på skilnadene mellom korleis Lacan vert lese av Badiou, på eine sida, og den slovenske skulen for teoretisk psykoanalyse, med Slavoj Žižek som det mest kjente namnet, på den andre. Ein raud tråd for sistnemnde skule er, med anna, den gjensidige ljossettinga av Lacan og Immanuel Kant i høve til kvarandre. Badiou skriv, i ein pastisj over den slovenske skulen, som òg syner tydeleg eit visst antifilosofisk drag i læra til Kant, at dersom

the Real is at a remove from knowing, we enter the realm of the critical gloss which holds that reality (the in-itself) is unknowable, and that knowledge is limited to appearances. In the end reality would be the experience of things in their appearances, and the Real their point of inaccessibility to which we could only relate to via an act, a practical relation. The relation to the Real would therefore be prescriptive, and not at all cognitive. The Real is experienced through practical reason, in the categorical imperative, and not in the theoretical reason that orders appearances (Badiou 2006c:91–92).<sup>13</sup>

Men Badiou avkreftar straks ein slik kritisk lesnad av Lacan, som han held fast på ikkje er det spor kantiansk. Det reelle i Lacan si tyding, skal vi tru Badiou, er ikkje, som Kants *Ding-an-sich* eller Wittgensteins mystiske Gud, uviteleg eller utenkjeleg – men utan at det skulle innebere at vi dimed kan vite eller tenkje det reelle heller. Det reelle er bortanfor eller utanfor kjennskapen, anten denne tenkjast i si stadfestande eller avkreftande form, som kjennskap eller ikkje-kjennskap, vere eller ikkje-vere, *A* eller *-A*, mykje på same viset som det reelle ikkje dreier seg om meiningsfulle eller meiningsløyse, men eit anna fråvere av meaning, eit brot i eller av sambandet, der eit tredje syner seg innom Totalet av det eine og det andre, mellom

**Lacan kan alltid peike på Freud, som han då stadig gjer, og seie «der er det, det er det».**

Einaren og nektinga hans. Altso veit vi ikkje av det reelle, men det tarvst ikkje seie at vi ikkje-veit av det reelle – at vi er fullt og heilt uvitande om det – for det dreier seg heller om å syne fram, å påvise, å *demonstrere* det reelle.

Poenget til Badiou er at der er to måtar å forstå demonstreringa på, to måtar å føre demonstreringa på. Den eine er gjennom sjølv analysen, som vi veit alt vart tilhøvet i og med Freud. Den andre finn stad gjennom ein streng nøyaktig formalisering, ein rein formulering, utan spor av tvityding, som tvert om gjev ein kunnskap utan rest, av ikkje-sambandet. Med andre ord, den andre demon-

**Altso veit vi ikkje av det reelle, men det tarvst ikkje seie at vi ikkje-veit av det reelle – at vi er fullt og heilt uvitande om det – for det dreier seg heller om å syne fram, å påvise, å demonstrere det reelle.**


streringa av det reelle først gjennom *matema*, som Lacan har gjeve oss. I og med Lacan vert altso det reelle, resten, det utenkjelege og det useielege, det som dreg seg unna kunnskapen og som der ikkje finst noko sanning om som der har vore so mange preiker og spådomar om, påvist og synt fram ikkje berre ein, men to gongar – i liv so vel som lære – og dimed i grad stor nok til at det ikkje lengjer er dugande for ein filosof å kome etter honom og hevde noko anna, at dette feltet ikkje finst. Lacan har laga, i motsetnad til Wittgenstein, Nietzsche og kvar ein antifilosof før honom, ein «*logic of the act*» (Badiou 2011a:136), ein logikk for subjektet. Oppskrifta ligg der og kan etterprovast.

### III

Der er to lærdomar filosofen har å trekkje ut av antifilosofien sitt arbeid, skriv Badiou, nemleg 1) at føresetnadene for filosofen (politikk, kunst, vitskap og kjærleik), altso sanningane som han vitnar om, alltid må vere samtidige med honom – og 2) at utsegnene hans alltid må vere autoritære, då dei då er like forførande som valdelege, at filosofen alltid må vere til stades i det han seier og hevder.

Antiphilosophers, for their part, have an absolutely singular way of placing themselves vis-à-vis these two points. They claim to be the contemporaries not only of the truths that proceed in their time but they also make their own life the theater of their ideas, and their body the place of the Absolute. ... For the antiphilosopher, the pains and ecstasies of the personal life bear witness to the fact that the concept haunts the temporal present all the way to include the throes of the body (Badiou 2011a:68).

Samtidigskapen er tydeleg i og med dei antifilosofiske ar-



Illustrasjon: Ole Fredrik Hvidsten

kehandlingane, som fullt og heilt er avhengige av å verte ført ut i livet gjennom antifilosofen sitt eige liv, gjennom Galskapen frå Torino og Manien frå Wien. Handlinga treng handlarer, anten det er det stadig stadfestande overmenneske eller den stilleiande gudstru asketen, for at den reelle resten skal kome til syne. Nietzsches Liv eller viljetil-makt og Wittgensteins mystiske Gud er ikkje gjenstandar som det er om å gjere å skildre (objektivt), men meir tilstandar som skal og må levast (subjektivt). Ingen stadar er vel dette kravet meir til stades enn i høve psykoanalysen, som ikkje kan finne stad – og som der heller ikkje finst trong for – forutan analysanden, som sjølv må passere gjennom det reelle, gjennom uføret som er hans og hans åleine. Autoriteten er tydeleg i og med at kvar antifilosof er sikker i saka si på at dei har rett, at innsiktene deira er dei rette, og at dei vil vinne fram med deira syn – eller heller at synet deira (les det som de vel) vil vinne fram gjennom dei – som gjer av Nietzsche ein lagnad, Wittgenstein ein vektlaus småting og Lacan eit medium (Badiou 1995:3). Som Lacan tidgjengt sa, gjeld det mest at «eg, sanninga, talar» og ikkje so mykje at «eg talar sanninga». Ein kan rett og slett ikkje lempe på eller forhandle om saka, i desse høva. Slik skil dessutan antifilosofen seg klårt og tydeleg frå sofisten.

De som allereie er kjend med Badiou si tenking burde enkelt nok sjå korleis antifilosofien har gjort inntrykk og gjeve avtrykk der. Som alt nemnd, om enn berre i ei note (se sluttnote 11), kan Badiou si filosofiske vinning fattast som eit framlegg for å tenkje vona for korleis noko nytt kan verte røynleg, korleis det er mogleg at noko nytt kjem til i verda. Der ligg heile spenninga mellom vere og hen-

ding, slik han legg det fram i det andre hovudverket hans *L'Être et l'événement* (1988), og som vert vidare utvikla ut frå tilveret sin ståstad i det tredje, *Logiques des mondes* (2006d), medan det alt har vore til stades sidan det fyrste, *Théorie du sujet* (1978). Er det ein ting den samtidige eller moderne antifilosofien har dreidd seg om og streva etter, so er det nettopp å bringe inn det som ikkje allereie er her, å take inn resten som alltid har falt utanfor, som der ikkje har vore rom eller tid for i tidlegare tider – å opne for ei ny menneskja, i korte drag, som vi gjerne må kalle ei meir sann menneskja. Dei har freista dette i ei stadig strid med den verda dei har leve i eller under, ut frå dei tilhøva dei har funne – men samstundes ikkje funne – seg i. Lærdomen dei gjev vidare til Badiou og oss som kjem etter dei, fortel oss fyrst og fremst følgjande: at det nye og sanne ikkje kan kome til å verte noko av utan menneska sjølv, altså, for å nytte meir badiouiske ordelag, at ei mogleg sanning ikkje er, men *vert* eller kjem til, og då som følgd av ei framskridning, ein prosess, som vert drive fram både i og av eitt eller fleire subjekt, som på si side fyrst vert til idet nokon tek del i ein slik sanningsprosess. Av antifilosofane er der berre Lacan som har famna om ein slik prosess, frå fyrstning til endes, og som dimed har nærma seg ei ut frå filosofens synspunkt brukandes lære om subjektet.

#### NOTER

- <sup>1</sup> Eg lyg, til dels. Der er kome ei samling med nokre av Badiou sine tekstar over Nietzsche og Lacan i høve antifilosofien, nemleg *What is Antiphilosophy? Writings on Kierkegaard, Nietzsche and Lacan* (2011b). Men bøkene som tek for seg kvar av desse aleine, slik *Saint Paul* og *L'Antiphilosophie de Wittgenstein* gjer, er enno ikkje kome.
- <sup>2</sup> Jf. Badiou 2011a:77–82. Når det gjeld prefikset «arke-» i høve dei antifilosofiske handlingane, so er tanken, for Badiou, at det skal syne korleis det ikkje gjeld å erstatte filosofien med anten politikk eller kunst, men heller korleis antifilosofien tek opp i seg ei opphavleg handling som ligg utanfor filosofien sjølv, men som soleis gjer antifilosofien i stand til å nå fram dit filosofien ikkje kjem. Det same gjeld i høve vitskapen og kjærleiken, som følgjer med Lacan og Heilag-Pål.
- <sup>3</sup> Jf. Badiou 1995:18. *Matema* er freistnader frå Lacan si side på å sleppe unna språkets tvitydingar, på å oppnå ei rein og uhindra formidling av vektige drag i læra hans, ved hjelp av logisk-matematiske symboliseringar, i samband med teiken som til dømes  $\Phi$ ,  $\Pi$ ,  $- \varphi$  (som skal tyde den symbolske, reelle og imaginære fallos) eller *a, A, S* (*objet petit a*, den store Andre, det splitta subjektet, i same følgd). Soleis kan Lacan leggje fram formaliseringar av til dømes kjønnslogikkane, ein maskulin og ein feminin, som er sær samsatte teoriar, på ein sær komprimert og – vonleg – presis måte.
- <sup>4</sup> Badiou nyttar ikkje dette omgrepet i høve Heilag-Pål, men understrekar likevel vektiga av kjærleiken hos honom, jf. 2003:86 ff.
- <sup>5</sup> Den psykiske strukturen til psykosen, til skilnad frå nevrosen, er, i Lacan si lære, forkastinga av ein meistersignifikant (*le nom-du-père*), som vidare kan tolkast som ei forkasting av kastrasjonen og dimed av maktesløysa (*impuissance*), som for Lacan er den allmenmenneskelege

sanninga *par excellence*, eller i alle høve det som ligg skjult under kvar ei av menneska avdekkja sanning – jf. m.a. Lacan 1966:531 ff – samt 2007:52.

<sup>6</sup> Jf. Wittgenstein 1921, § 3.221

<sup>7</sup> Jf. Wittgenstein 1921, § 4.121, 3.221, 3.144.

<sup>8</sup> Jf. Nietzsche (1873).

<sup>9</sup> Jf. Wittgenstein 1921: § 4.114–4.115 – samt Badiou 2011a:80.

<sup>10</sup> Jf. Wittgenstein 1921, § 6.2 – samt Badiou 2011a:140.

<sup>11</sup> Jf. Badiou 1995:29, samt 1988:,31, *et passim*. Korleis skal ein fatte Einaren? Det dreier seg om ein tanke om ein skap og heilskap – på mikro- so vel som makroplan – om ei lukka verd, som i siste ledd leiar til ein tanke om ei eller anna form for guddom – som totalitet og totalitet, som hindrar tenkinga av noko nytt. Nettopp denne tenkinga av noko nytt kan seiast å vere Badiou sitt fremste mål som filosof, å risse opp vona for korleis ein kan tenkje oppkomet av noko nytt, jf. Bosteels 2006:158.

<sup>12</sup> Der er sjølv sagt òg dei fem *case studies*, av Dora, Lille Hans, Schreber, Rottemannen og Ulvemannen, men ein kan spørje seg i kva grad desse analysane, med unntak av Lille Hans, har vore vellukka eller fullbyrda.

<sup>13</sup> Sjå forøvrig Badiou (2011a), der han skriv følgjande om Kant, at hans «tortuous goal can easily be summarized as follows: to give a philosophical form to antiphilosophy itself; to show philosophically that the philosophical pretension can only stir up air; to sublimate the moral act, which is doubtlessly aphilosophical, with regard to the phenomenal miseries of knowledge» (Badiou 2011a:96).

#### LITTERATUR

- Adorno, T. 1997, *Ästhetische Theorie, Gesammelte Schriften*, Suhrkamp Verlag, Frankfurt am Main.
- Badiou, A. 1978, *Théorie du sujet*, Seuil, Paris.
- 1988, *L'Être et l'événement*, Éditions du Seuil, Paris.
- 1994, *L'Antiphilosophie 2; Wittgenstein* (upub. sem. 1993–94, red. Thiault, A. og Duvert, F.) Tilgjengeleg frå: <<http://www.entretemps.asso.fr/Badiou/seminaire.htm>> [07.07.12]
- 1995, *Antiphilosophie 3; Lacan* (upub. sem. 1994–95, red. Thiault, A. og Duvert, F.) Tilgjengeleg frå: <<http://www.entretemps.asso.fr/Badiou/seminaire.htm>> [07.07.12]
- 2003, *Saint Paul; The Foundation of Universalism*, Brassier, R. (oms.), Stanford University Press, Stanford.
- 2006a, «Platonism and Mathematical Ontology» i *Theoretical Writings*, Brassier, R. og Toscano, A. (red. og oms.), 51–60, Continuum Press, New York.
- 2006b, «Lacan and the Pre-socratics» i *Lacan; The Silent Partners*, Žižek, S. (red.), 7–17, Verso, London.
- 2006c, «The Formulas of l'Étourdit», *Lacanian Ink*, 27, 80–95, New York.
- 2006d, *Logiques des mondes*, Seuil, Paris.
- 2011a, *Wittgenstein's Antiphilosophy*, Bosteels, B. (oms.), Verso, London.
- 2011b, *What is Antiphilosophy? Writings on Kierkegaard, Nietzsche and Lacan*, Bosteels, B. (oms.), Duke University Press, Durham.
- Bosteels, B. 2006, «Alain Badiou's The Theory of the Subject; The Resuscitation of Dialectical Materialism» i *Lacan; The Silent Partners*, Žižek, S. (red.), 115–168, Verso, London.
- Lacan, J. 1966, *L'Écrits*, Éditions du Seuil, Paris.
- 1973, «L'Étourdit» i *Slipset*, 4, 5–52, Paris.
- 2007, *The Seminars of Jacques Lacan bk. XVII [1969–70]: The Other Side of Psychoanalysis*, Miller, J.A. (red.), Grigg, R. (oms.), W. Norton & Company, New York.
- Nietzsche, F. 1873, «Über Wahrheit und Lüge im aussermoralischen Sinn». Tilgjengeleg frå: <<http://www.textlog.de/455-2.html>> [07.07.2012]
- Wittgenstein, L. 1921, *Tractatus Logico-Philosophicus*. Tilgjengeleg frå: <<http://people.umass.edu/klement/tlp/index.html>> [07.07.2012]